

ÅRSMELDING 2024 JONDAL UNGDOMSKOR,

Årsmeldinga til handsaming på årsmøtet 27.03.2025

*Administrasjon

Jondal sokneråd driv korarbeidet Jondal Ungdomskor, og korarbeidet er ein del av kantor si stilling.

*Korforbund

Jondal Ungdomskor er med i kororganisasjonen Ung Kyrkjesong som samlar ca 7-8000 barne- og ungdomskorsongarar fordelt på over 300 medlemskor. Gjennom UK får koret tilsendt medlemsbladet Ung Kyrkjesong, ein får tilbod om ein del kortreff, seminar etc., og koret får frifondsmidlar gjennom Ung Kyrkjesong. Elles får ein òg, gjennom medlemskapet, dekka eventuelle TONO-utgifter ved ulike arrangement, dersom denne avtalen vert fornya.

2024 Jondal Ungdomskor v/ Konfirmantkoret.

På våren hadde konfirmantkoret 13 medlemmer. Kyrkjespelet vart framført 2.mai og konfirmasjonen var no flytt til laurdag, og vart feira laurdag 4.mai. Konfirmantkoret hadde fine framføringar både av kyrkjespelet og på konfirmasjonsdagen.

Denne gongen var Arild B.Nielsen- perkusjon og trompet & Inger-Kristine Rieber-piano med som musikarar på kyrkjespelet,

Hautsemesteret hadde konfirmantkoret 10 medlemmer. Konfirmantkoret var hausten både med og song på Hardanger KorAkademi sin 15års jubileumskonsert saman med ca 60 andre konfirmantar frå Hardanger + Hardanger KorAkademi og Solstråla, og dei song åleine på Ljosmessa søndag 1.desember.

Koret hadde øvingsplan både vår og haust og JU deltok på 4 arrangement i 2024.

Jondal Ungdomskor v/ fast gruppe- JU hadde ikkje aktivitet i 2024

23 ungdomar betalte kontingent til Jondal Ungdomskor for 2024.

Jondal Ungdomskor hadde i bank pr. 31.12, kr. 11691,06

Av aktivitetar 2024 kan vi nemne korsamlingar, Kyrkjespelet Deg å få skode som konfirmantane er hovudarrangør for, Konfirmasjonsgudstenesta, Jubileumskonsert med Hardanger KorAkademi og Ljosmessa.

Det var JU som betalte honorar til ekstra musikarar og lyd på kyrkjespelet.

Styre for Jondal Ungdomskor 2024 valgt på årsmøte 14.03.2024

Sara Lammedal Hammer (2024)	ungdomsrepresentant, nyval
Vilde Elise Nordnes (2024)	ungdomsrepresentant, nyval
Anne Karin Stormyr	dirigent og leiar, fast styremedlem
Synnøve Eikrem (2023-2024)	styremedlem, ikkje på val
Christine Fauskanger Molven (2023-2024)	styremedlem, ikkje på val
Ida Marie Holmen (2024-2025)	representant frå soknerådet, nyval
Cristina Solohova (2024-2025)	styremedlem, attval
Ungdomsvara: Liv Hammer Bruhjell (2024)	nyval
1.vara: Ingrid Guntveit (2024)	attval
2.vara: Hege Brattabø (2024)	attval
Revisor: Magnar Sollesnes (2024)	attval

Styret hadde ingen ordinære styremøte i 2024.

Arrangementsliste med repertoaroversikt for JU blir lagt ved i protokollen.

JU 27.mars 2025, v/Anne Karin Stormyr, leiar